

**Fra:** Helge Skurtveit (Helge.Skurtveit@hfk.no)  
**Sendt:** 21.07.2014 15:58:29  
**Til:** 'merethe@gauden.no'  
**Kopi:** Laila Melkevoll

**Emne:** PS2: Leik og liv i 1814 - tekst til informasjon.docx  
**Vedlegg:** Leik og liv i 1814 - tekst til informasjon.docx;Turneplan Leik og Liv i 1814.docx;Bestillingar frå nettsida.xlsx

Hei!

Du skal få lov til å ha ferie i sommarvarmen, men eg lurar på om du kan svara på noko når du kjem tilbake til arbeidsmodus:

1. Ønskjer du at me sender biblioteka først ein e-post med informasjon der me spør kva tidspunkt dei ønskjer seg – og lagar ei liste med tidspunkta og sender ho til deg?

Eller vil du ta kontakt direkte med biblioteka om tidspunkt dei ønskjer seg og kommunisera vidare med dei om det?

Uansett kan ein enkelt laga ei e-postgruppe med alle kontaktpersonane, sjå vedlagte excel-skjema og kolonne J.

Ein kan jo bruka «blindkopifeltet», slik at ikkje alle e-postadressene kjem fram til alle (Ulvik/Granvin må sikkert ha annan kontaktperson, Bjørn Finne har vel begynt i ny jobb då, det kan me sjekka?)

Det vil vera best at du på eit tidspunkt før du skal ut på turné, har kontakt direkte med biblioteka, slik at de kan avtala detaljar og ev. endringar direkte.

2. Me vil laga noko reklamemateriell som biblioteka kan bruka. Eg håpar at det vil kunne vera ferdig om lag i midten av august, dersom me har fått hjelp til det innan den tid. Eg har teksten din, du kan jo sjå om det er noko meir/anna som du synest bør stå, sjå det første vedlegget.
3. Når det gjeld kontrakt og betaling, vil me koma tilbake til det. Eg reknar med at du tek dette som sjølvstendig næringsdrivande med eige føretak, eller?

Eg skal ha ferie frå neste helg og to veker etter det, men Laila er her ein del framover, slik at du kan ta kontakt med henne om du vil snakke om dette eller anna.

Sommarleg helsing Helge